



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.03.2026

Vår ref.: 202106038-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om konsesjon for Fetegga pumpestasjon i Tafjordvassdraget i Fjord kommune, Møre og Romsdal fylke

NVE har motteke ein søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS om løyve til bygging og drift av Fetegga pumpestasjon, samt regulering av Reindalsvatnet, i Fjord kommune. Det vert og søkt om løyve til bygging og drift av 22 kV kraftline i tilknytning til pumpestasjonen. Søknaden blir no send på høyring til råka partar med høyringsfrist 26.06.2026.

Kva søkast det om?

NVE har motteke ein søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS, datert 27.02.2026, om løyve etter vassdragsreguleringslova § 3 til bygging og drift av Fetegga pumpestasjon i Fjord kommune. Det er planlagt at pumpa skal overføre vatn frå Reindalsvatnet (kote 1173) til Heimste Viksvatn (kote 1302-1319). Pumpa er planlagt med eit effektbehov på 2,2 MW, og samla pumpeeffekt blir om lag 1,2 m³/s. Det blir samstundes søkt om å regulere Reindalsvatnet med 0,6 m.

Det blir også søkt om løyve etter energilova § 3-1 til bygging og drift av 22 kV kraftline/kabel med tilhøyrande koplingsanlegg i tilknytning til Fetegga pumpestasjon. Pumpa er planlagt kopla til dagens 22 kV endemast ved Viksvasshytta via sjøkabel i Heimste Viksvatn og kabel gjennom overføringstunnelen og røyrtraseen.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8809/V

Søknaden blir handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12. Etter delegeringsvedtak frå Energidepartementet av 29. august 2025, vil NVE fatte vedtak i saka.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få grunngevevne synspunkt på om planane i søknaden bør bli gjennomført, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngevevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere moglege skader ved den planlagde utbygginga. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadane av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei uttale.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Vi ber Statsforvaltaren gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng løyve etter forureiningslova for både anleggsfasen og driftsfasen.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan bli sendt inn på éin av følgande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på sakens nettside (www.nve.no/8809/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202106038 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202106038 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **26.06.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom fråsegnene er lange, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Fjord kommune om å informere om saka på sine nettsider og ev. sosiale medier.

Med helsing

Marianne Angård

Førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Reinheimen-Breheimen villreinutval
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL
MILJØDIREKTORATET
Energidepartementet
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Mattilsynet
DNT SUNNMØRE
NHO Reiseliv
WWF Norge AS
SKJÅK KOMMUNE
Sunnmøre Friluftsråd
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
Møre og Romsdal vassregion
Møre og Romsdal vassregion - Håkon Slutaas
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
FJORD KOMMUNE
Villreinemnda for Reinheimen-Breheimen
LINJA AS

Kopimottakarliste:

TAFJORD KRAFTPRODUKSJON AS